



Nasjonalparkstyret
for Jotunheimen
og Utladalen

Møteinnkalling

Utval: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen
Møtestad: E-postmøte
Dato: 18.06.2024
Tidspunkt: 12:00

Eventuelt forfall må meldes snarast til nasjonalparkforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Til Nasjonalparkstyret.

Viser til orienteringar under styremøtet på Gjendesheim 11.06.24., der det vart avtala at to saker det vart orientert om i møtet kunne behandlast ved e-postmøte.

Ber om tilbakemeldingar innan tysdag 18.06.24.

Tilbakemeldingane blir ført som godkjenningar i arkivsaka.

Dersom nokon har spørsmål til sakene, er de velkomne til å ringe meg - også på kveldstid.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 31/2024	Jotunheimen NP - dispensasjon - 2024 - Midlertidig avløpsløsning Gjendebu - Nedgraving av tett tank - DNT Oslo og Omegn		2024/6568
ST 32/2024	Jotunheimen NP - Dispensasjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Endring - Alternativ 2 for røyrgate - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS		2018/618

Arkivsaksnummer: 2024/6568-5

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 13.06.2024

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	31/2024	18.06.2024

Jotunheimen NP - dispensasjon - 2024 - Midlertidig avløpsløsning Gjendebu - Nedgraving av tett tank - DNT Oslo og Omegn

Innstilling fra forvalter

DNT Oslo og Omegn får med hjemmel i § 3 pkt. 1.3 b) i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark dispensasjon for nedgraving av tett tank for etablering av midlertidig toaetlløsning for bestyrer og personale ved Gjendebu turisthytte.

Tillatelsen omfatter følgende tiltak og vilkår:

1. Tett tank med mål 2210x2210x1420 mm kan graves ned innen det opparbeida bedriftsområdet, ved siden av slamavskiller nedenfor hovedbygning,
2. Gravearbeid og tilrettelegging utføres slik at det blir minst mulig synlig i landskapet. Gropa dekkes med stedegne overflatemasser, og skal ikke såes til med tilført frømateriale.
3. Overskuddsmasse kan benyttes i hjulspor på kjørevegen opp til uthus/lager, eller i forbindelse med utbedring av internveg nedenfor sovehuset. Større stein plasseres på egnet plass i terrenget innen opparbeida areal på tomte, og på en måte som virker naturlig. Dersom ev. overskuddsstein kan brukes for steinsetting/ forankring av ny brygge for Gjendebåten, kan slik stein alternativt deponeres i nærheten av brygga på en måte som åpner for gjenbruk.
4. Tillatelsen gjelder i forhold til verneforskrifta for nasjonalparken. I tillegg kreves godkjenning fra Lom kommune som myndighet etter forurensningslova og plan- og bygningslova. Arbeidet kan ikke startes opp før alle tillatelser er på plass.
5. Tiltakshaver har ansvar for innhenting av eventuell godkjenning fra grunneier (Statskog).
6. Tillatelsen er midlertidig, og blir vurdert på nytt dersom hele avløpsløsningen skal ha en fullstendig gjennomgang, jf. tilstandsrapport 11.02.2016 fra Asplan Viak. Det må tas kontakt med nasjonalparkforvaltninga på et tidlig stadium i en eventuell planprosess for oppgradering av det samla anlegget, for å avklare rammer for hva som kan være mulig innen verneområdet.

Det blir med hjemmel i § 3 pkt. 6.3 l) gitt tillatelse til bruk av motoriserte hjelpemiddel i forbindelse med gravearbeid og transport. Dette gjelder tilgjengelig maskinpark i

Gjendebu, som bl.a. omfatter traktor med henger. Dispensasjon for bruk av gravemaskin blir gitt med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48. Bruk innen et begrenset område preget av tidligere bygge- og gravearbeid blir ikke vurdert å gå ut over verneformål og verneverdier.

Dispensasjon for nødvendig transport av toalettavfall ut blir gitt med hjemmel i naturmangfoldlovas § 48, og gjelder for bruk av beitelagets lekter på Gjende. Lekteren har kapasitet til å få med tette tanker med toalettavfall ut av nasjonalparken ved sesongslutt, for levering på godkjent mottak. Transporten fra tett tank samordnes med transport av øvrig toalettavfall fra utedoene i vestenden av sovehuset.

--- slutt på innstilling ---

Dokumenter i saka

- Søknad ved e-post av 31.05.24 fra DNT Oslo og Omegn om tillatelse til nedgraving av tett tank for midlertidig avløpsløsning for Gjendebu
- E-postutveksling mellom nasjonalparkforvalter og DNT Oslo og Omegn om saksbehandling og utfyllende opplysninger
- Tilleggsopplysninger om belastning/drift og transport ved e-post av 07.06.2024.
- Rapport av 11.02.2016 fra Asplan Viak - Tilstandsvurdering av avløpsanlegget for Gjendebu Turisthytte i Lom kommune
- Miljøfaglig utredning – Rapport 2012:34 - Evaluering av skjøtselstiltak ved Gjendebu i Jotunheimen nasjonalpark

Saksopplysninger

DNT Oslo og Omegn har søkt om midlertidig tiltak ved Gjendebu:

SØKNAD OM ETABLERING AV MIDLERTIDIG TOALETTLØSNING GJENDEBU TURISTHYTTE
På vegne av Gjendebu Turisthytte, søkes det om tillatelse til å etablere 3 midlertidige lavtspylende toaletter der svartvannet ledes til tett tank.

Bakgrunn

Eksisterende toalettanlegg for besøkende og betjening, består av tett tank. Gråvannet blir ledet til slamavskiller og ledes videre ut i Storåe/Gjende. Innholdet fra tett blir fraktet til godkjent mottak.


Gjendebu har planer om å oppgradere avløpsløsninger for grå- og svartvann i nærmeste fremtid, men ønsker å forbedre de sanitære forholdene for bestyrer og betjening allerede sesongen 2024.

Det søkes derfor om å etablere 3 lavtspylende toalett for bestyrer og betjening. Det søkes også om dispensasjon fra §2,7 i gjeldene kommuneplan hva angår tømming av tette tanker uten vegforbindelse.

Avløpsvannet fra disse skal ledes til tett tank med volum 3.000 liter. Tanken tømmes etter behov og innholdet fraktes til godkjent mottak. Løsningen er midlertidig frem til ny løsning for avløpsrensing for Gjendebu er på plass.

Det bes om raskt svar da sesongstart er rett rundt hjørnet.»

Situasjonsplan:



Oversiktsfoto vedlagt søknaden viser planlagt plassering:



Mål og spesifikasjoner på kum som søkes nedgravd



MER INFO OM PRODUKTET

Slagfast svart plast
Flat form gir enklere graving
Lufteventil
For nedgravd installasjon
Tekniske data
Utvendige mål: 2210 x 2210 x 1420 mm (BxLxH)
Høyde uten "hals": 800 mm
Vekt: 180 kg
Materiale: PEH

Utfyllende opplysninger ved e-post av 07.06.2024:

- *«Tanken er å ta ut masse og sortere ut grov stein og gjenbruke massen rundt tanken. Overflødig masse og stein vil bli brukt som fyllmasse i veien bak utedoen. Her har veien blitt kjørt såpass ned at det er en stort behov for å legge masse i hjulsporene. Om det blir masse til overs etter dette så kan den brukes som fyllmasse på den nye transportveien rundt Losjhuset som er godkjent.*
- *Bestyrer m/famile 4 pers, pluss betjening ca 12 personer på det meste. Den tette tanken er 3000 liter og vi setter inn 3 stk vacuumtoalett for betjening og bestyrer. Disse toalettene bruker mindre vann enn et vanlig toalett ca 0,5 l pr spuling. Så ca 4.000 besøk tenker jeg før man må tømme. Tømmingen skjer på samme måte som den andre toalettene på Gjendebu. Vi suger det over på IBC 1000 liters transportdunker som fraktes på flåten sammen med resten av septiken fra gjestetoalettene.*
- *Det fraktes til Gjendesheim på samme måte som før og det blir ikke noen ekstra turer grunnet dette. Det vil bli kanskje 2 IBC containere mer enn det gamle systemet.»*

Tilstandsvurdering i rapport av 11.02.2016 fra Asplan Viak (utført for Lom kommune) konkluderte med at avløpsanlegget ved Gjendebu turisthytte har behov for oppgradering dersom det skal tilrettelegges med vannklosett.

Det er ved telefonsamtale med Håvard Skjerven Amlien 07.06.24 avklart at DNT-OO mener det er nødvendig med en midlertidig løsning som for å oppfylle krav til toalettfasiliteter for ansatte. Det vil ta minst to år for planlegging, finansiering og etablering av et oppgradert avløpsanlegg i tråd med tilrådinger i fagrapport fra Asplan Viak fra 2016, og det trengs toalettfasiliteter som oppfyller dagens krav for betjening og bestyrer i mellomtiden.

Søknaden er gjennomgått i teams-møte med Lom kommune 6.juni. Kommunen skal behandle søknaden som forurensingsmyndighet, og det må foreligge nødvendige tillatelser både fra kommunen og vernemyndigheten før en midlertidig avløpsløsning kan etableres..

Hjemmelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndighet for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhold av styrevedtekter, sist revidert frå 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark § 3 pkt. 1.1 har vern mot inngrep i landskapet:

1.1 Vern mot inngrep i landskapet

«Området er verna mot inngrep av ein kvar art, medrekna oppføring og ombygging av varige eller mellombelse bygningar, gjerde, anlegg og innretningar, riving av bygningar, parkering av campingvogner, bubilar, maskiner og liknande, opplag av båtar, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, fjerning eller øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineralar og fossil og fjerning av større stein og blokker, drenering og anna form for tørrlegging, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper og liknande. Opplistinga er ikkje uttømmande.»

Forvaltningsmyndigheten kan med hjemmel i 1.3. b) gi løyve til: «Oppføring av nye bygningar og innretningar som er naudsynte for drifta av turisthytter i nasjonalparken i samsvar med forvaltningsplan.»

Forskrifta § 3 pkt. 7.1 har forbud mot forurensning: «All slags ureining og forsøpling er forbode. All bruk av kjemiske midlar som kan påverke naturmiljøet er forbode.»

Forvaltningsmyndigheten kan med hjemmel i § 3 pkt. 6.3 l) gi løyve til motorferdsel: «Bruk av traktor på traktorvegar for transport av varer og utstyr til drifta av turisthyttene Memurubu og Gjendebu.»

Bruk av gravemaskin og motorisert transport med båt/lekter på Gjende er ikke blant de spesifiserte formålene i § 3 pkt. 6.3 i forskrifta, og må behandles etter den generelle dispensasjonshjemmelen, som er avløst av naturmangfoldlova § 48.

Forvaltningsplan (veiledende utkast fra 2008)

Forvaltningsplanutkastet deler verneområda i ulike soner, etter tilretteleggingsgrad. Gjendebu ligg nær teig 5 i såkalla brukssone, omtala i kap. 6.3.2: « - - -Brukssone gjeldt alt areal i nasjonalparken utanom vernesona, med unntak av nokre små område som er definerte som soner med spesiell tilrettelegging og inngrep. - - - Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern. Brukssona omfattar fleire attraktive og lett tilgjengelege turmål som er særleg sentrale i samband med reiseliv og fjellføring, m.a. til Uranostind frå Koldedalen. I nokre område av sona er det tradisjon med føring av turgåarar. I nokre område er det særlege interesser i høve til tidlegare bruk kulturlandskap, m.a. kring Gjendebu, - - - -»



Kap. 8.2 TURISTHYTTER OG ANDRE HYTTER, BUER OG NAUST (utdrag):

« - - - Søknad om auke i kapasiteten ved eksisterande hytter må vurderast konkret m.o.t. om behovet har vist seg over lang tid. Det vil vere uheldig å auke standarden på turisthyttene. Med "auke i standard" meiner fylkesmennene at det å gå bort frå fellesløysingar som felles toalett-, dusj-, tørke- og opphaldsrom er uønskt standardheving. Søknader om høgare standard kan vere problematisk fordi det kan føre til behov for meir motorferdsel for transport av proviant og utstyr. Høg standard vil til vanleg også gje auke i energibehovet. Det kan føre til ønskje/ krav om nye inngrep som mikrokraftverk, og/eller at ein må ha store aggregat med høg forbruk og dermed høgt transportbehov. Det gjev auka motorferdsel som resultat, noko som ikkje er ønskjeleg i verneområda.

Særleg ved hyttene i dei sentrale stroka av nasjonalparken (jf. m.a. teig 5) er høgare standard lite aktuelt. Her bør opplevingsverdiar som urørt natur, stillheit og lite markslitasje tilleggast stor vekt. Enkel standard på hyttene er og meir i samsvar med eit enkelt og lite ressurskrevande friluftsliv. Hyttene blir på denne måten ein del av fjellopplevinga i nasjonalparken. Offentlege pålegg vedrørande til dømes brannforskrifter, krav til kjøkken og handtering av kloakk og gråvatn kan også presse fram endringar på turisthyttene. Slike tiltak vil bli vurdert etterkvart.»

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 setter svært strenge krav til når en dispensasjon eventuelt kan vurderes, men åpner for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må være oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikke brukes for å utvide rammene gitt i vernevedtaket, men er en sikkerhetsventil som skal fange opp uforutsatte eller spesielle tilfeller som ikke var vurdert på vernetidspunktet. Søknaden blir vurdert etter de miljøretslige prinsippene i naturmangfoldlova (nml) §§ 8-12.

Presedens

Det er tre større turistbedrifter i nasjonalparken; Gjendebu, Glitterheim og Memurubu. Tilstandsrapporter for alle tre bedriftene er utarbeidet av Asplan Viak As på oppdrag fra Lom kommune i 2016. Memurubu og Glitterheim har allerede installert vannklosetter. Memurubu hadde et fungerende renseanlegg ifølge tilstandsvurdering, der det var behov for bare mindre omfattende tiltak. Glitterheim fikk på bakgrunn av tilstandsvurdering bygget nytt renseanlegg. Ingen andre bedrifter i nasjonalparken har vannklosettløsning med tett tank.

Tilrettelegging for å ivareta krav til toalettfasiliteter for ansatte ved Gjendebu blir ikke vurdert å skape presedens, men en eventuell tilrettelegging må vurderes opp mot miljøbelastning og verneverdier ut ifra forholdene på stedet. Naturgitte forhold gjør det vanskelig å legge til rette for infiltrasjon av avløpsvann her – jf. foreløpige vurderinger i tilstandsrapport av 11.02.2016.

Vurdering

Det er en hovedregel at det skal være separate toaletter for arbeidstakere og gjester, og toalettene skal ha en hensiktsmessig plassering. Tilrettelegginga gjelder derfor et dokumentert behov i hht. krav i offentlig regelverk. Det er i forvaltningsplanen åpnet for vurdering av tilrettelegging for oppfølging av «Offentlege pålegg vedrørande til dømes brannforskrifter, krav til kjøkken og handtering av kloakk og gråvatn».

Det er derfor grunnlag for å vurdere en dispensasjon i dette tilfellet, og det synes vanskelig å finne andre løsninger enn nedgraving av tett tank for personaltoalettet. Med tett tank vil det ikke være fare for forurensing, så lenge det er gode rutiner for tømning og uttransport av avfallet. Det er kommunen som er ansvarlig myndighet for vurdering etter forurensingslov og plan- og bygningslov.

Søknaden vurdert etter naturmangfoldlova §§ 8-12:

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget: Vegetasjonen i området er godt kartlagt i rapport 2012:34 fra Miljøfaglig utredning. Det er ikke registrert særlig verdifulle naturtyper eller rødlistearter på arealet nedenfor hovedbygning der tanken skal graves ned. På oversida av tunet er det registrert særlig verdifull vegetasjon, og det er derfor viktig at overskuddsmasse plasseres kun i hjulspor på internvegen opp til lagerbygg, uten noen inngrep naturmarka på sidene.

§ 9 Føre-var prinsippet: Tiltaket er lokalisert i tilknytning til et etablert anlegg innen område som allerede er berørt av eksisterende bygg og tidligere terrengarbeider. Tiltaket vil ikke gi vesentlig merbelastning på naturmiljøet.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltninga følger en generelt streng praksis når det gjelder inngrep i landskapet, men det omsøkte tiltaket fyller et dokumentert behov for å oppfylle krav til hygiene og arbeidsmiljø for betjeningen ved turisthytta. Samla belastning blir vurdert som akseptabel, og nytteverdi er større enn ulempene.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver: Det stilles krav til hvor oppgravd masse kan deponeres, og det kan pålegges utbedring dersom det er mangler ved gjennomføringa.

§ 12 Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetode: Det anbefales at overflatemasser blir skrappt av og lagt til side før nedgraving av tanken, og at dette blir brukt som overdekning ved avslutning av gravearbeidet. Det skal ikke såes til med tilført frømateriale. All transport må planlegges godt for å unngå unødig motorferdsel innen verneområdet.

Det er planlagt å bruke massene som graves opp til gjenfylling av spor i internvegen opp mot lagerområdet eller i omlagt veg på nedsida av sovehuset. Dersom det er større stein som ikke kan brukes i vegtraseene, må de plasseres på egnet plass innen bedriftsområdet som allerede er berørt av tidligere inngrep. Det må legges vekt på å plassere steinen slik at det ser mest mulig naturlig ut. De kan eventuelt plasseres i nærheten av brygga for gjenbruk, dersom dette kan være interessant i forbindelse med planlagt utbedring av brygga for Gjendebåten, der det vil bli behov for en del stein for forankring av ny bryggedel.

Tillatelsen er midlertidig, og må vurderes på nytt dersom hele avløpsløsningen skal ha en fullstendig gjennomgang for en eventuell oppgradering av anlegget, jf. tilstandsrapport 11.02.2016 fra Asplan Viak. Foreløpige vurderinger tilsier at det vil være svært utfordrende å finne en akseptabel løsning for rensing av avløp dersom det planlegges vannklosett også på gjestedelen. Det må derfor tas kontakt med nasjonalparkforvaltninga på et tidlig stadium i en eventuell planprosess for oppgradering av anlegget, for å avklare rammer for hva som *kan* være mulig innen verneområdet. Rundt Gjendebu er det svært store verneverdier, og det er vanskelig å se at det kan finnes egnede arealer for etterpolering av avløpet, jf. mulig skissert løsning i Asplan Viak-rapporten.

Konklusjon:

Toalettløsningen blir vurdert som nødvendig for å tilfredsstillende offentlige krav knytta til drift av en serverings- og overnattingsbedrift. Bruk av tett tank forutsetter at det er gode rutiner for oppfølging og tømning, og at kommunen kan akseptere slik løsning der det ikke er bilveg.

Tiltaket skal også behandles av Lom kommune etter forurensingslov og evt. plan- og bygningslov. Det er videre en forutsetning at det er samtykke fra Statskog, som grunneier.

Det gis tillatelse til nødvendig motorferdsel for gjennomføring. Det er for tida tilgjengelig gravemaskin ved Gjendebu i forbindelse med div. vedlikeholdsarbeid i 2024-25, og denne kan benyttes sammen med traktor og tilhenger.

Uttransport av toalettavfall skjer ved hjelp av flåte/lekter tilhørende Storådalen beitelag.

Arkivsaksnummer: 2018/618-36

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 13.06.2024

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	32/2024	18.06.2024

Jotunheimen NP - Dispensasjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Endring - Alternativ 2 for røyrgate - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen viser til sak 5/2021 i nasjonalparkstyret og til NVE si godkjenning av detaljplan for Memurubu minikraftverk datert 05.01.2021. Vidare blir det vist til godkjenning av endringssøknad i sak 13/2022. Desse tidlegare godkjenningane gjev grunnlag for oppstart av bygging av nytt Memurubu kraftverk.

Med heimel i naturmangfaldlova § 48, jf. § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark, gjev Nasjonalparkstyret dispensasjon for følgjande endring i høve til godkjent detaljplan:

- Alternativ 2 vist i endringssøknad av 04.06.24 frå Kleppconsult AS kan erstatte tidlegare godkjent alternativ med røyrgate i dagen vest for Hestbekken på øvre parsell, dersom prøvegraving ved anleggsstart og fagvurdering av NVE gjev grunnlag for å arbeide vidare med alternativ 2.
- Dersom løysinga i alt.2 blir vurdert å oppfylle alle krav til sikkerheit og grunnforholda er slike at det ikkje oppstår fare for erosjon rundt nedgraven røyrgate, vil det samla sett gje mindre naturinngrep enn det godkjende alternativ 1. Det vil vera ein stor fordel å unngå kryssinga av Hestbekken som er planlagt ved eksisterande inntak.
- Dersom arbeidsbreidda må utvidast vesentleg i høve til det ein la til grunn da den mellombelse anleggsvegen vart oppmålt med inngrepsgrenser, kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for å flytte øvre del av røyrgata over på austsida. Ein må unngå graving der ein kjem inn på den bratte skråningsfoten av morena aust for bekkeløpet.
- Ei godkjenning for endring til alt. 2 vil gjelde saman med tidlegare vedtekne vilkår for godkjenning av dei andre delane av Memurubu kraftverk.
- Godkjenninga gjeld under føresetnad av at alternativ 2 også får fagleg godkjenning frå NVE. Dersom NVE etter teknisk / fagleg vurdering ikkje finn å kunne godkjenne alternativ 2, gjeld tidlegare godkjenningar for utbygging etter alternativ 1.

Med heimel i naturmangfaldlova § 11 om at «*Tiltakshaveren skal dekke kostnadene ved å hindre eller begrense skade på naturmangfoldet som tiltaket volder*» kan det vera aktuelt å pålegge oppfølging med avbøtande tiltak dersom ein ser at tilrettelegginga gjev uføresette konsekvensar som erosjon, eller dersom etterarbeidet med istandsetting av terreng ikkje er tilfredsstillande utført.

Det er ein føresetnad at tiltakshavar har alle nødvendige godkjenningar frå Statskog som heimelshavar/ grunneigar i statsallmenningen, før anleggsstart.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Endringsøknad datert 04.06.2024 frå Kleppconsult v/ Johannes Flaata
Søknad endring Alternativ 2 Rørgatetrase Memurubu Kraftverk

Tidlegare dokument:

1. Søknad om konsesjon for oppgradering av Memurubu kraftverk med vedlegg:
 - a. Vedlegg 1. Hydrologirapport. Skjema hydrologiske forhold Memurubu
 - b. Vedlegg 2. PRODUKSJONSBEREGNING - Memurubu 50% (Heimdalsvatnet)
 - c. Vedlegg 3. Memurubu småkraftverk – Biologisk mangfald – rapport 19. januar 2018
 - d. Tillegg: Alternativ røyrtrase - Memurubu Kraftverk
2. Høyringsbrev og orientering om prosess vedr. søknad - Jotunheimen nasjonalpark
3. Referat synfaring Memurubu kraftverk 25.09.18
4. Innkomne uttaler / innspel frå høyringspartar
5. Energianalyse for Memurubu Turisthytte utarbeidd av seniorrådgj. Nils Ola Strand, 2016
6. Sak 36/2018 i Nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument - Overordna vurdering av konsesjonssøknad etter verneforskrifta
7. Søknad av 13.12.18 frå Kleppconsult - *Søknad om sikkerheitsklassifisering av dam og trykkrør ved Memurubu minikraftverk Lom Kommune Oppland Fylke*
8. Rapport 19.12.18 frå Kleppconsult AS - *Svar fra tiltakshaver på innkomne høyringsuttalelser vedrørende konsesjonssøknad for Memurubu Minikraftverk*
9. Brev av 18.01.2019 frå NVE - Vedtak om klassifisering av dam og vassveg Memurubu minikraftverk
10. Sak 16/2019 i Nasjonalparkstyret med tilhøyrande bakgrunnsdokument - *Konsesjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk*
11. Konsesjon datert 29.04.2019.
<http://www.nasjonalparkstyre.no/EPiServer/CMS/edit/default.aspx?id=1582>
12. Kopi av søknad til NVE oversendt 10.03.20 frå Kleppconsult - Detaljplan for oppgradering Memurubu Minikraftverk i Gjende - Jotunheimen Nasjonalpark - Lom Kommune
13. Notat av 02.04.2020 frå nasjonalparkforvatninga for Jotunheimen ved Kari Sveen – Merknader til enkelte punkt i detaljplanen
14. Notat frå Kleppconsult etter feltbefaring 12.08.20
15. Sak i 35/2020 i Nasjonalparkstyret - Detaljplan for Memurubu kraftverk utarbeidd av Kleppconsult v/ J. Flaata - tilbakemelding på forslag til justering av røyrгатetrase.
<http://www.nasjonalparkstyre.no/EPiServer/CMS/edit/default.aspx?id=1582>
16. Vedtak datert 05.01.2021 - Godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu kraftverk. NVEs referanse: 201842008-13.
17. Godkjenning av opphavleg detaljplan i Nasjonalparkstyret – sak 5/2021 - *Tilslutnad til NVEs godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu Kraftverk*
[Jotunheimen NP - Dispensasjon - Tilslutnad til NVEs godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS.PDF](#)
18. Høyringsbrev av 12.01.22 frå NVE - *Begrenset høring av endringer i godkjent detaljplan for miljø og landskap - Memurubu minikraftverk i Lom kommune*
19. Referat av 26.08.2021 frå NVE etter felles synfaring Memurubu 16.08.2021
20. Brev av 21.02.22 frå NVE - *Memurubu kraftverk, Lom kommune – Faglig vurdering av omsøkte endringer i godkjent detaljplan innen miljø og landskap*
21. Sak 13/2022 – godkjenning av endringsøknad datert 25.10.2021
[Jotunheimen NP - Dispensasjon - Opprusting og utviding av Memurubu Kraftverk - Endringsøknad - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS.PDF](#)
22. Referat frå synfaring med oppmåling og avgrensing av inngrepssoner, 13.07.2022.
23. Nasjonalparkstyret sak 26/2023 - Godkjenning av Motorferdselplan 2023-26
[Jotunheimen NP - Dispensasjon - Motorferdsel - Motorferdselplan 2023-2026 - Oppgradering Memurubu Kraftverk - Kleppconsult AS \(miljovedtak.no\)](#)

Saksopplysningar

Ved Memurubu har det frå 1972 vore minikraftverk som dekkjer storparten av energibehovet ved turishytta. Anlegget var etablert på vernetidspunktet (1980), og verneforskrifta heimlar at anlegget skal bestå og driftast. Anlegget er nær 50 år, og oppgradering er heilt nødvendig.

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjorde i møte 12.11.18 eit overordna vedtak om dispensasjon etter verneforskrifta, som opna for å gå vidare med planane om oppgradering og utviding av Memurubu Kraftverk, sak 36/2018.

Innan verneområde er det forvaltningsmyndigheita som er konsesjonsmyndigheit. Med heimel i vassressurslova § 33 gav Nasjonalparkstyret i sak 16/2019 konsesjon for Memurubu Kraftverk, med vilkår. Saman med vedtak i sak 36/2018 i Nasjonalparkstyret og NVE sitt vedtak av 18.01.2019 om konsekvensklassifisering gav dette grunnlag for vidare detaljplanlegging av tiltaket.

Detaljplan for miljø og landskap vart godkjent av NVE 5.1.2021, med tilslutnad frå Nasjonalparkstyret i sak 5/2021 i møte 1. februar 2021. Detaljplanen la opp til at enkelte detaljar skulle avklarast ved synfaring. Det vart gjennomført felles synfaring av området 16.8.2021, der begge forvaltarane og styreleiar deltok saman med NVE og tiltakshavar.

Som det går fram av liste over saksdokument har det vore fleire runder for avklaring av detaljar for tiltaket. Med godkjent motorferdselplan behandla av nasjonalparkstyret i sak 26/2023 var det klart for byggestart i samsvar med framdriftsplan framlagt av Kleppconsult:

Memurubu kraftverk – Ny revidert framdriftsplan – Motorferdsel – Kleppconsult oppdatert Sept. 2023

Oppdrag/milepæl	Tidsrom	Type maskin/utstyr	Eventuell transport fra Gjendesheim	År 1	År 2	År 3	År 4
1. Oppsett av rigg	Sommer/høst 2019						
2. Bygging av anleggsvei til nytt inntak kote1141	Vår/Sommer (Mai-Oktober)	- Gravemaskin 8 tonn - ATV med tilhenger - Traktor m/ tilhenger - Gravemaskin 12 tonn	Egne maskiner		2024		
3. Bestilling av turbin, generator og styring	Høst/Vinter			2023	2024		
4. Bygging av produksjonslinje og rørgate	Sommer/Høst (Juni-Oktober)	- 8 tons dumper - 12 tons gravemaskin	- 8 tons dumper - 12 tons gravemaskin		2024	2025	
- Øvre del av rørgate leveres	Vinter (Mars-April)	- Snowtrack og Snøscooter - Traktor	- Beltevogn over Gjende/Snøscooter - Traktor		2024		
- Nedre del av rørgate leveres	Vår (Mars-Juni)		Frakt med lekter over Gjende til midlertidig riggplass på Memurubu			2025	
5. Oppstart med inntaket	Vår/Sommer (Juni)	- ATV m. Henger - Traktor med henger. Wincher - Strømaggregater	- Gravemaskin 12 tonn - Traktor		2024		
6. Utførelse av betongarbeid på inntaket	Sommer (Juni-Sept)	- Helikopter - 8 tonn Dumper - Traktor - Gravemaskiner	Transport fra Gjendesheim - 12 tons Gravemaskin		2024		
7. Utgraving av Stasjonstomt	Sommer/høst 2019			Ferdig			
8. Bygging av Kraftstasjon	Sommer 2021 – høst 2024	- Betongblander anlegg	- Betongblander anlegg		2024		
9. Montering av ny turbin i stasjon	Sommer/Høst (August-Sept)	- 8 og 12 tons gravemaskin - Dumper ,Traktor	Transport båt over Gjende			2025	
10.Ferdig til produksjonsstart	Høst (Sept/Okt)					2025	
11.Ferdigstillelse og arrondering	Sommer (Juni-Sept)	- 8 tons gravemaskin - 12 tons gravemaskin					2026
12.Uttransport av materiell fra Memurubu	Høst (Sept/Okt)		12 tons gravemaskin 8 tons dumper				2026

Tiltakshavar ønsker å sjå om det likevel kan vera mogleg å legge heile røyrgate i lausmasse på austsida av Hestbekken, sjå utdrag av endringssøknad for øvre del av røyrgate:


«Da det nå er godkjent å få bygget en midlertidig anleggsvei frem til det nye inntaket så vurderer tiltakshaver om mulighet for også å flytte øvre del av rørgaten fra gamle inntak og frem til nytt inntak med å følge midlertidig anleggsvei, dersom det viser seg at massene under arbeidet med midlertidig anleggsvei viser seg å være stabile.

Valget av rørgatetraseen som opprinnelig er planlagt på vestsiden av Hestbekken ble vurdert som sikrere, og skal legges i dagen, da det på østsiden ble vurdert som usikkert mot moreneras. Etter nå flere år så er det nå vurdert at morenemassene er blitt stabile og ved å bruke nedgravde PE rør, som tåler litt bevegelse, så ser en mulighet for å utnytte midlertidig anleggsvei også som rørgatetrase.

Tiltakshaver ber om muligheten til å vurdere denne løsningen som åpent alternativ, (Alternativ 2 i kartplan innfelt nedenfor) for øvre del av rørgaten når den midlertidige anleggsveien er under utførelse, for først da kan en utføre gode nok geologiske vurderinger om morenemassene er blitt så stabile at en kan gå for denne løsningen.


Tiltakshaver ser særlig på det miljømessige naturinngrepet vil bli mye mindre i forhold enn å krysse Hestbekken og legge rørgaten i dagen på vestsiden. En vil da unngå sprenging i Hestbekken ved det gamle inntaket og unngå transport for sprengte masser. Ved en slik løsning så vil en unngå inngrep på vestre siden av Hestbekken helt, da en også vil speilvende inntakskummen.

Kartskisse



Slik tiltakshaver vurderer denne søknaden om endringen av trase' vil det ikke påvirke innsendt søknad av teknisk plan for rørgaten. Vi ber om behandling av vår søknad så snart som mulig.»

Kraftverket består av inntak, rørgate og kraftstasjon, med plassering vist på flyfoto under. Endringssøknaden går ut på å åpne for eit alternativ til godkjent løysing med rørgate i dagen bolta i berg på vestsida av Hestbekken, til alt. 2 med nedgrave rørgate på austsida.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av reviderte vedtekter sist revidert 19.01.2024.

Det er gjort grundig greie for myndigheit etter vassdragslova i sak 16/2019, da styret gav konsesjon for Memurubu Kraftverk. NVE er fagmyndigheit for godkjenning av detaljplan.

Verneformål – forskrift

§ 3, pkt.1.1 gjev i utgangspunktet vern mot alle inngrep i landskapet.

Forvaltningsstyresmakta kan i medhald av § 3 pkt. 1.3 j) gi løyve til:

«Oppgradering/fornyning av kraftanlegg og kraftlinjer som ikkje fell inn under pkt. 1.2 h.»

Det vert vurdert at utviding av kraftverket med inntak høgare opp, med utvida strekning i vassdraget som blir påverka og forlenging av røyrgata ikkje kjem inn under den spesifiserte dispensasjonsregelen i verneforskrifta § 3 pkt. 1.3 j). Saka har derfor vore vurdert som nyanlegg, og blir behandla etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifta som er erstatta av naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som *«ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig»*. Begge vilkåra må vera oppfylt.

Det blir vist til tidlegare saker knytt til godkjenning og endringssøknader for Memurubu kraftverk, der vilkåra for bruk av nml § 48 er grundig utgreidd.

Forvaltningsplan

Utkast til forvaltningsplan (2008) er brukt som rettleiande dokument. Det er allereie gjort vurdering av at kraftverket kan byggast. Når det gjeld inngrep gjev planen slike føringar: *«Fylkesmannen meiner at mikrokraftanlegg nokre gonger kan vere ei løysing dersom inngrepa er små, lite synlege, inntaket av vatn lite og at krafta skal brukast på staden.»*

Presedens

Spørsmål om presedens er grundig vurdert i sakene 36/2018, 16/2019, 5/2021 og 13/2022. Det er lagt vekt på at det var eit etablert anlegg på vernetidspunktet, og at verneforskrifta har føringar som legg til rette for at anlegget skal kunne oppretthaldast. Det at ein har akseptert nytt inntak høgare opp skuldast at det her er betre naturgjevne forhold for eit inntak.

Brev av 02.03.15 frå Klima- og miljødepartementet (KLD) gjev retningslinjer for presedens i byggesaker med dispensasjonsvurdering etter naturmangfaldlova § 48, jf. utdrag, og dette er nærare utgreidd i tidlegare saker knytt til oppgradering av Memurubu minikraftverk.

Vurdering

Nasjonalparkstyret fekk orientering om endringssøknad av 04.06.24 og hovudtrekk i tidlegare godkjenningar i møte på Gjendesheim 11.06.2024. Styret stilte seg i utgangspunktet opne for å vurdere ei løysing med alle inngrep samla på austsida av Hestbekken, under føresetnad av at NVE godtek at ein går vidare med alternativ 2 etter at det er utført prøvegraving.

Det er i endringssøknaden vist til at røyrgata kan vurderast lagt i trase for godkjent anleggsveg – jf. vedtak i sak 13/2022 der nasjonalparkstyret gav dispensasjon for etablering av ca. 100 m anleggsveg på austsida av Hestbekken mellom eksisterende inntak og opp til nytt inntak. For vegen vart det stilt ulike vilkår; m.a.:

- I anleggsperioden vil vegen ha breidde på inntil 3-4 m. Ved avslutning av anleggsarbeidet skal vegtraseen tilbakeførast for best mogleg landskapstilpassing.
- Traseen kan oppretthaldast som gangsti med breidde ca. 2 m. Det skal ikkje nyttast motoriserte køyretøy ovafor eksisterande inntaksplass i samband med ordinær drift og tilsyn.

Det vart vidare lagt føringar for bruken etter avslutta anlegg og for erosjonsførebyggande tiltak. Vegtrase/inngrepssone vart innmålt ved synfaring saman med kommunen 13.07.2022.

Naturfaglege vurderingar i tidlegare godkjent detaljplan og påfølgande endringar blir lagt til grunn, men med tilleggsvurderingar for endringa etter alt. 2 som det nå er søkt om.

Sak 5/2021 om godkjenning av detaljplan har desse vurderingane etter nml §§ 8-12:

Det er god kunnskap om naturmangfaldet, og søkjar har fått utarbeidd eigen fagrapport på biologisk mangfald for det aktuelle området (§ 8). Tiltak vil i stor grad skje langs eksisterande røyrgate og i kjøretraseen opp mot eksisterande inntak. Det nye inntaket og den øvre delen av røyrgata som skal leggast på overflata og forankrast i berg på vestsida av Hestbekken vil ikkje påverke særleg sårbare artar. Biologisk mangfald-kartlegginga har ikkje avdekt raudlisteartar som vil bli skadelidande ved endra vassføring eller ved inngrep i og ved vassstrengen ved nytt inntak og ved kryssinga som er planlagt nedanfor det eksisterande inntaket. Det er derfor ikkje behov for å bruke føre-var-prinsippet (§ 9). Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10) tilseier at ein har streng praksis når det gjeld alle terrenginngrep og motorferdsel i verneområdet. Kvart enkeltvedtak må vurderast i høve til samla påverknad og om eit løyve vil kunne skape presedens. Tiltaket kan skape presedens i høve til eventuelle nye søknader, men spørsmålet om småkraftverk er vurdert på overordna nivå med ei positiv haldning i utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Det omsøkte tiltaket blir ikkje vurdert å medføre skade på naturmangfoldet, og prinsippet etter § 11 er derfor mindre aktuelt. Etter nml § 12 - miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder må transport ved bygging av ny inntaksdam og legging av den øvre del av røyrgata på vestsida av Hestbekken skje ved hjelp av helikopter for å unngå unødige terrenginngrep i eit hittil urørt område. Dette er også lagt til grunn i søknaden. Anleggsveg nå utformast slik at den ikkje leier inn vatn som kan føre til erosjon langs røyrgatetraseen. Vegetasjonsmasse/overflatejord må takast vare på og plasserast slik at det blir lagt til rette for revegetering der ein har fått sår i landskapet. Køyrespor i terrenget må jamnast til ved avslutning av arbeidet.»

Dersom vidare undersøkingar viser at også øvre del av røyrgata kan leggast på austsida av Hestbekken vil ein unngå eit større inngrep i sjølve vassdraget, ved at ein slepp å krysse bekken med røyrgata. Dette vil vera ein stor fordel som gjer at ein kan akseptere eit noko større inngrep på austsida. Det vil likevel vera viktig å unngå graving som medfører at ein kjem inn i den bratte skråningsfoten av morena aust for bekkeløpet, da dette truleg vil medføre uheldig erosjon og sår i landskapet.

Inngrepsgrenser

Godkjent anleggsbreidde for røyrgate er inntil 8 m. For anleggsvegen på austsida ovafor eksisterande inntak var det ikkje oppgjeve inngrepsgreidde, meni tråd med tilråding frå NVE vart det fastsatt inngrepsgrenser ved fysisk avmerking i terrenget. Oppmåling skjedde ved hjelp av oppmålingsingeniør i Lom kommune som deltok på synfaring/arbeidsmøte 13.07.22, der parsell for anleggsveg opp til inntak samt anleggsbreidde rundt røyrgatetraseen vart oppmålt og avmerka i terrenget.

Dersom innmålt arbeidbreidde for anleggsveg utført på synfaring 13.07.22 ikkje er tilstrekkeleg for arbeidet med røyrgate, må dette avklarast i planlagt synfaring 25. juni 2024. Dersom arbeidbreidda må utvidast vesentleg i høve til det ein la til grunn da den mellombelse anleggsvegen vart oppmålt med inngrepsgrenser, kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for å flytte øvre del av røyrgata over på austsida.

Endring i inntaksdam/-konstruksjon som følgje av ei eventuell flytting av røyrgate over på austsida gjev ikkje andre vurderingar enn dei som er gjort for inntaket i tidlegare godkjenning av detaljplan. Speilvending gjev ikkje annan påverknad på landskapet enn tidlegare godkjende installasjonar (inkl lukehus).

Oppsummering av vidare oppfølging:

Det er i detaljplan og godkjenning lagt opp til at enkelte detaljar avklarast ved synfaring i samband med anleggsstart, ved eventuelle endringar undervegs og før avslutning av anleggsarbeidet – jf. pkt. 1 i vilkåra sett i godkjenninga frå NVE av 05.01.2021. Dette er i tråd med NVE sine rutinar for oppfølging av konsesjonar for småkraftverk, og nasjonalparkstyret som forvaltningsmyndigheit må også bli involvert sidan anlegget ligg i eit verneområde. Det vil vera mest praktisk å gje nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å opptre på vegne av styret på desse synfaringane, for å sjå til at styrevedtaka blir fylgde opp på ein god måte. I den grad styreleiar og andre frå styret ønskjer å delta på desse synfaringane vil det bli lagt opp til å halde styreleiar og styret orientert om aktuelle synfaringsdatoar.